



Årsmelding 2020



Innhold

1. Styresamansetjing/ eigarform/ organisering	3
2. Styret 2020	3
3. Året 2020	3
4. Faste aktivitetar og tilbod gjennom Vestnes Frivilligsentral 2020	4
4.1. Aktivitetsvenn for demente – dobbel glede!	4
4.2. Habil.....	4
4.3. Gåtur for alle.....	5
4.4. Full Rulle på tur.....	5
4.5. Tirsdagskaffe.....	5
4.6. Rettleiing av lag/ organisasjonar og Tilskuddsportalen	5
4.7. Hagen ved Frivilligsentralen	5
4.8. Utstyrssentral og utlån av Friluftslivsutstyr	6
4.10 Strikketreff.....	6
5. Andre aktivitetar og arrangement	6
5.1. Frivilligdagen 2020 – fole kjekt i Vestnes	6
5.2. Stikk UT! i Vestnes kommune	7
5.3 Koronadugnad - handlehjelp.....	7
5.4 Aktivitet og samarbeid med andre	7
5.5 Prosjekter.....	8
6. Bruk av Frivilligsentralen sine lokalar.....	10
7. Samarbeid med andre frivilligsentralar og Frivillig Møre og Romsdal	10
8. Marknadsføring av Frivilligsentralen	10
9. Vestnes Frivilligsentral 2021.....	11
10. Frivillige og økonomi.....	11

1. Styresamansetjing/ eigarform/ organisering

Eigar av Vestnes Frivilligsentral er Vestnes kommune, kommunen har personalansvar for dagleg leiar og økonomiansvar. Frå og med 2021 er det 4 representantar frå kommunestyret og styret i Vestnes Frivilligsentral som utgjer Årsmøtet. Styret i Frivilligsentralen består av 5 medlemmar og 3 varamedlemmar, kommunestyret har ein representant med vara i styret. Etter revidering av vedtektene i 2020 vil Ungdomsrådet frå og med årsmøte 2021 ha ein fast representant i styret. Vestnes Frivilligsentral er medlem av Norges Frivilligsentraler og av Frivillig Møre og Romsdal (samanslutning av frivilligsentralane i fylket). Frå og med 2014 har Frivilligsentralen vore ein del av Kultureininga ilag med Vestnes Kulturskule og Vestnes folkebibliotek. Vestnes frivilligsentral har ein fireårig strategi som er retningsgjevande for arbeidet.

2. Styret 2020

Hanne Moldver Salthammer, leiar
Joar Kirkeslett, nestleiar
Helge Bjerkevoll, styremedlem
Eli Skavnes, styremedlem
Geir Tony Tomren, eigars representant
Remi Eggesbø (1. vara)
Svanhild Lindseth (2.vara)
Øyvind Granberg (vara, eigars representant)

3. Året 2020

Året 2020 er annleis året. Koronapandemien rammar frivilligheita på mange måtar, smitteverntiltak har ført til avlyste aktivitetar, få møteplassar og fråfall av aktivitetar. Frivilligsentralen har forsøkt å informere ut om dei ulike ordningane som har kome for frivilligheita både reglar og kompensasjonsordningar. Sidan mars 2020 har mange av dei faste aktivitetane til Frivilligsentralen vore avlyst. I periodar har møteplassen Tirsdagskaffen og Strikketreff vore ope, Full Rulle vart omgjort til uteaktivitet, Aktivitetsvenn for demente har vore delvis i gang og Utstyrssentralen har stort sett vore open. Frivilligdagen 2020 vart avlyst. Før mars og koronapandemien vart det første FrivilligForum for kommunen arrangert, og det vart gjennomført ein større aktivitetsdag på Ørskogfjellet i samarbeid med fleire aktørar.

Frivilligsentralen etablerte handlesteneste som ein del av beredskapen til kommunen, og gjennomførte aksjonen Juleglede i samarbeid med Røde Kors Tresfjord og Vestnes. Dagleg leiar arbeidde med digital 17.mai feiring og hadde kontakt med lag og organisasjonar for bidrag i dette.

På grunn av pandemien vart årsmøte i 2020 først gjennomført i juni 2020, styret hadde ikkje møte før mars 2021. Frivilligsentralen har likevel etter beste evne arbeidd vidare med å nå måla satt i strategien for Frivilligsentralen (2020-2023). I året som gjekk har Frivilligsentralen og Kultureininga jobba saman om mange prosjekt, og med å få økonomisk støtte til å gjennomføre desse. Mange av prosjekta er knytt til det nye bygget Stella Maris. Prosjekta handlar mellom anna om å få til gode samarbeidsformer mellom frivilligheit og kommune, både når det gjeld arbeid med eldre og ungdom, og møte mellom generasjonar. Dagleg leiar har også vore involvert i arbeidet med Livsgledeheim, ei sertifiseringsordning for sjukeheimen som mellom anna vektlegg samarbeid med frivilligheita og nærmiljøet.

I tillegg har det blitt arbeidd mykje med organisering og koordinering av informasjon, med bruk av Facebook-sider, i tillegg til eiga side og «Det skjer i Vestnes» har Kultureininga oppretta side for Stella Maris. Dette for å legge ut drypp om det som skjer i bygginga av huset, og kva det vil innehalde. I tillegg har det blitt arbeidd mykje for å få på plass den nye nettsida ivestnes.no. Sida vart lansert juni 2020. iVestnes gir oversikt over det som skjer i Vestnes kommune, og gjer det lett for innbyggjarar å finne fram

til aktivitet og korleis dei kan delta i samfunnet. Her er det aktivitetsskalender, organisasjonsoversikt og mykje meir. Pga. lite aktivitet som følgje av korona har ikkje ein oppnådd det som er målet med sida endå, og arbeidet fortset. 2020 blei året Frivilligsentralen også kom på Instagram.

Vestnes Frivilligsentral har arbeid med å finne ei form på organiseringa som gjer at frivillige organisasjonar er meir involvert i arbeidet og utviklinga av frivilligsentralen. Dette gjenspeglar seg i ny strategi og vedtekter som vart vedtatt på årsmøtet 2020.

Visjon for Vestnes frivilligsentral sitt arbeid:

Vestnes Frivilligsentral skal bidra til at innbyggjarane i Vestnes kommune kjenner trivsel og tilknytning i lokalsamfunnet, og legg til rette for deltaking i lokalsamfunnet.

Langsiktige mål:

- Vestnes Frivilligsentral er ein møteplass og brubryggjar mellom menneske, frivillige organisasjonar og det offentlege
- Vestnes Frivilligsentral er ein aktiv støttespelar og kompetansebank for frivilligheita i Vestnes kommune

4. Faste aktiviteter og tilbud gjennom Vestnes Frivilligsentral 2020

4.1. Aktivitetsvenn for demente – dobbel glede!



I 2017 starta Vestnes kommune opp med Aktivitetsvenn for demente. Ein person med demens vert kopla med ein aktivitetsvenn som har dei same interessene – dobbel glede! Målet er at aktiviteten skal vere kjekk og givande for både den med demens og aktivitetsvennen. Tilbodet er til personar med demens slik at dei kan fortsette med det dei likar å gjere. Det bidreg til å bremse utviklinga av sjukdommen, og til ein meningsfull kvardag. Det er Nasjonalforeningen for folkehelsen som eig konseptet og har utarbeidd materiale til kommunane.

I 2020 har dette arbeidet vore vanskeleg, dei frivillige som er kopla har hatt sporadiske treff/besøk. I Vestnes kommune er det ei arbeidsgruppe med representantar for helsesektoren i kommunen, Nasjonalforeningen og Frivilligsentralen som styrer Aktivitetsvenn, arrangerer kurs for frivillige, og gjer koplinga. Det vart skreive kontrakt med kommunen som forpliktar både kommune og Frivilligsentral. I samband med etablering av Stella Maris venner vil vi få løfta dette arbeidet vidare.

4.2. Habil



Før nedstenging av aktiviteten mars 2020 har 23 personar tatt sertifikat gjennom Habil. Dette gir fleire moglegheiter for den enkelte når det gjeld jobb og bustad, og å følgje opp barn i fritidsaktivitetar. Frivilligsentralen har hatt ordninga sidan 2017. Habil er eit tilbod for alle som treng nokon å øvingskøyre med, men som av ulike orsakar ikkje har det i sitt nettverk. Aktiviteten er eit samarbeid med Møre og Romsdal Røde Kors som eig bilen og har utvikla konseptet. Frivilligsentralen rekrutterer frivillige, og koplar dei med dei som er klare for å øvingskøyre. Pågangen er relativt stor, og det er slik alltid behov for fleire frivillige. Håpet er å få starte opp att Habil hausten 2021.

4.3. Gåtur for alle

Gåtur for alle har ikkje vore ein aktivitet i 2020. Det er etablert samarbeid med DNT Romsdal om å starte opp DNT Senior Vestnes, oppstart våren 2021.

4.4. Full Rulle på tur

Full Rulle er ein møteplass for foreldre som er heime med små born. Før korona har det vore Full Rulle kvar onsdag kl. 11.00-14.00. Sentralen legg då til rette med leiketepper, leiker, barnestolar, stellerom, ammekrok og kaffi/te, samt tilgang til kjøkken. Tilbodet vert jamt nytta med besøk på mellom 5-15 foreldre kvar gong. Mange får eit godt nettverk og ein kjekk møteplass gjennom Full Rulle. Aktiviteten var sett på pause i mars, og saman med Barnas Turlag etablerte vi Full Rulle på tur med faste, vekentlege, trilleturar i Kråkvika friluftsområde.

4.5. Tirsdagskaffe



Tirsdagskaffe er ein uformell møteplass på dagtid, med rom for god prat over kaffikoppen. Frivillige steiker vaflar og er vertskap. Tirsdagskaffe har frå hausten 2018 vore eit samarbeid mellom Vestnes Røde Kors, Vestnes Pensjonistlag, Gamleskulens vener og Frivilligsentralen. Omlag 20 personar deltek kvar tysdag. Aktiviteten har vore stengt i lengre periodar i 2020 pga. smittevernomsyn, til stor sakn for deltakarane. Vi fekk til møteplassar september-desember med juleavslutning og musikk frå lærarar frå Vestnes Kulturskule. Aktiviteten vert starta opp så snart som råd.

4.6. Rettleiing av lag/ organisasjonar og Tilskuddsportalen

Frivilligsentralen tilbyr rettleiing for lag og organisasjonar som ynskjer dette. Rettleiinga går på styrearbeid, økonomi, søknadar og prosjektstyring. I 2020 har sentralen rettleia litt rundt smittevern og aktivitetar i frivillig regi.

Frivilligsentralen forsøker å følgje opp lag og organisasjonar med informasjon om støtteordningar gjennom Tilskuddsportalen og andre kanalar. Tilskuddsportalen er ei søketeneste for å finne tilskot til aktivitet. Kommunen har kjøpt abonnement for lag og organisasjonar i kommunen. Frivillig Forum vart gjennomført 27. februar 2020, først i mars skulle Frivilligsentralen arrangere kurs om bruk av Tilskuddsportalen og minisøknadskurs, kurset vart utsett pga. koronapandemien. Vi håpar å kunne starte opp kursrekke hausten 2021.

4.7. Hagen ved Frivilligsentralen



I 2020 har frivillige fortsett med dugnadar og utvikling av hagen. Det vert lagt ned mange dugnadstimar. Hagen vert stadig meir nytta av innbyggjarane, barnehagane er ofte på besøk, og fleire nyttar hagen til å gå tur med rullestolbrukarar/rulator. I hagen kan ein nytte alle sansane: mykje å sjå, smake og lukte på. Det er Gamleskulens vener står for å arrangere dugnader og koordinere frivillige, noko i samarbeid med Vestnes Hagelag.

Gamleskulens vener har drifta hagen gjennom frivillig innsats og økonomisk støtte frå private. 2019/2020 vert siste periode med denne støtta. I juni vart det arrangert hagefest, open for alle. Hagen ved Frivilligsentralen vart opna i 2015.

4.8. Utstyrssentral og utlån av Friluftslivsutstyr

Vinteren 2018/2019/2020 har det vore mange utlån og ofte har ikkje Utstyrssentralen nok utstyr. I 2021 var det vel 100 utlån før vinterferien. I 2020, etter støtte frå Nordenfjelske Bykreditts Stiftelse, vart det kjøpt inn meir utstyr. Utstyr til utlån per i dag: alpinutstyr, langrennutstyr, truger, skøyter og hockeyutstyr, fiskestenger, redningsvestar, beremeiser, sekkar, telt, hengekøye og liggeunderlag.



Utstyrssentralen vart etablert mai 2015. Tilbodet skal stimulere til auka deltaking i friluftsliv- og fritidsaktivitetar for alle. Tilbodet er for alle, og alt utlån er gratis. Det er mykje utlån av vinterutstyr, når det er skidag på skulane er alt utstyr utlånt. Frivilligsentralen administrera utlånet. Arbeidet er tidkrevjande. Det er søkt om midlar til prosjektet SMUD, Stella Maris Ungdom, her er det lagt inn utvikling av Utstyrssentralen. Det er stort behov for betre og fleire hylle- og knaggsystem.

Frå våren 2020 etablerte Frivilligsentralen samarbeid med Kråkvikas venner om ordning av utlån av robåtar i Kråkvika friluftsområde frå våren 2020. Frivilligsentralen har kjøpt inn redningsvestar og fiskeutstyr til naustet, samt SUP-brett som er klare til sesongen 2021. Utlån administrerast gjennom utstyrssentralen. Sørviskontoret bidrog slik at ordninga kunne vere open heile sommaren 2020.

I 2014 fekk Frivilligsentralen ei utstyrsskasse frå Sunnmøre Friluftsråd. Skular, barnehagar og lag og organisasjonar kan låne gratis frå utstyrsskassa. Frivilligsentralen administrerer utlånet. Utstyrspakka skal stimulere til eit aktivt friluftsliv, og består av lavvo, taubruer, bålpanne, sag, øks, diverse grillutstyr samt popkorn-panne til bål. Utstyret vert jamt utlånt, men kapasiteten er større.

4.10 Strikketreff

På initiativ frå innbyggjarar vart det hausten 2018 etablert Strikketreff. I 2020 var det Strikketreff kvar fjortande dag i perioden januar-mars, og september -november. Målet er å skape ein møteplass også for unge vaksne som er glad i strikking, men det var også eit ønske om å skape eit treffpunkt for unge vaksne i kommunen. Alle er velkomen, både med og utan strikketøy. Vestnes Røde Kors er medarrangør ilag med initiativtakarane. Tiltaket er svært positivt, men deltakinga har vore lågare enn tidlegare grunna pandemien.

5. Andre aktivitetar og arrangement

5.1. Frivilligdagen 2020 – fole kjekt i Vestnes



Frivilligdagen gjekk frå rekordhøg deltaking i 2019 til avlysing i 2020. Vi håpar på gjennomføring i 2021. Målet med Frivilligdagen er å syne breidda av frivillig aktivitet i kommunen, at lag og organisasjonar får vist seg fram. Det er også ein møteplass for lag og organisasjonar, og for innbyggjarane generelt i Vestnes. Håpet er at ein slik møteplass kan bidra til auka trivsel. Frivilligdagen er eit årleg arrangement i regi av Frivilligsentralen og i samarbeid

med Sentrumsforeininga og kommunen, i tillegg til lag og organisasjonar.

5.2. Stikk UT! i Vestnes kommune



Pandemien gjorde av Stikk UT!-turregistreringa vart ekstra populær i 2020 med 1226 turregistreringar i Vestnes kommune (2019: 11.743 turar).

Sunnmøre Friluftsråd starta arbeidet med turregistreringa Stikk UT! i 2015, og Vestnes ville vere med på dette. Frivilligsentralen koordinerer arbeidet mellom lag og organisasjonar/ frivillige og Sunnmøre


Friluftsråd. Organisasjonar og enkeltpersonar legg ned ein stor innsats i å lage gode turskildringar og i arbeidet med merking av turløyper. Målet er at innbyggjarar i Vestnes kommune og Møre og Romsdal, i større grad skal nytte naturen i Vestnes kommune, og gjennom det er Stikk UT! eit solid bidrag til styrking av folkehelsa.

For sesongen 2021 er det planlagt 15 turar, nokre av desse i den nye delen av kommunen vår: Hjelvika og Vågstranda. Også i 2020 har det vore Stikk UT!-ski i Vestnes kommune med tre turmål. Der er det dei lokale idrettslaga som har direkte samarbeid med Skiforbundet og Friluftsrådet. Nytt for 2020 var oppretting av Stikk UT!-vinter med fotturar, Vestnes kommune hadde 3 turmål med i ordninga.

5.3 Koronadugnad - handlehjelp

På grunn av korona oppretta Frivilligsentralen ei handlehjelp-ordning. Ordninga var retta mot personar i karantene, eller som av andre grunnar som følgje av koronautbrotet ikkje kjem seg til butikken eller på apoteket. Frivilligsentralen utarbeidde retningslinjer for ordninga i tråd med nasjonale smittevernreglar og i samråd med kommunelegen/kriseleinga. Vi gjorde avtalar med matvarebutikkar i heile kommunen og fekk på plass ei ordning med apoteket for henting av medisin. Vi fekk raskt 48 frivillig inn i ordninga. Heldigvis har ikkje innbyggjarane i Vestnes kommune hatt stort behov for ordninga, men det var nokre oppdrag i nedstengingsperioden.

5.4 Aktivitet og samarbeid med andre



Frivilligsentralar skal vere eit **bindeledd** mellom kommune og det frivillige, og vere ein støttespelar for frivillige lag og organisasjonar. Samarbeid og koordinering er derfor to viktige stikkord for arbeidet. I 2020 har det vore samarbeidd med fleire ulike aktørar, både lag og organisasjonar, i kommunen og næringslivet. Vi vil trekke fram Tirsdagskaffe, Julegledeaksjon, digital 17.mai, aktivitetsdag på Ørskogfjellet og arbeidet med www.ivestnes.no.

1.mars 2020: Frivilligsentralen arrangerte ein **Aktivitetsdag** på Ørskogfjellet, i og ved skitrekktet, saman med Ørskogfjell Skisenter, Barnas Turlag, Vestnes Røde Kors og Tresfjord Røde Kors hjelpekorps. Frivilligsentralen koordinerte påmeldingar, informasjon ut til skular og media, og hadde utlån av utstyr frå utstyrssentralen. Det var gratis heiskort til alle påmeldte under 15 år, barneskirenn, mini-slalåmkurs, natursti og grilling. 135 var påmeldt for heiskort, omlag 500 personar deltok på Aktivitetsdagen, både frå Vestnes og Ålesund kommune.

Frivilligsentralen er ein del av nyetablert **Folkehelsegruppe** i kommunen. Den skal arbeide med å sjå folkehelsearbeid i ein samanheng, og sjå moglegheiter for samarbeid på tvers innan kommunen – og om det kan vere prosjekt som ein kan søke støtte til for å styrke folkehelsearbeidet. Frivilligheita er ein sentral aktør i folkehelsearbeidet. Frivilligsentralen har også i 2020 deltatt i **prosjektgruppa for nytt bibliotek**. I 2020 har det vore mykje arbeid som har blitt lagt ned i dette, inkludert arbeid med kunstnarisk utsmykking. Frivilligsentralen vil få kontor plass i det nye bygget. Å bli lettare tilgjengeleg for innbyggjarane og meir synleg ser ein som svært positivt. Ein del aktivitet vil fortsette i Gamleskolen, men nytt bygg gir moglegheit for nytenking og andre former for aktivitet.



Gjennom prosjektet **digital 17.mai** vart det laga ein flott film med helsingar frå heile kommunen. Kultureininga dreiv prosjektet, mange organisasjonar bidrog med helsingar. Filmen vart lansert på Facebook og YouTube.

Frivilligsentralen var også i 2020 med og koordinerte **TV-aksjonen** ilag med kulturrådgjevar. Sidan aksjonen vart heildigital vart det ein del arbeid med dette. Frivillige bidrog med å dele digitale bøsser og vere ambassadørar. Vestnes kommune oppnådde om lag same resultat som tidlegare år. Årets tema var kampen mot plast i verdshava. Det vart inngått samarbeid med næringslivet som sponso antall sekkar søppel elevar ved skulane i kommunen samla inn. Alle skulane var med, det var stort engasjement og mykje søppel og pengar vart samla inn gjennom det samarbeidet.



Juleglede 2020 – Mange familiar og aleinebuande har opplevd 2020 som ekstra krevjande, fleire er utan jobb og mange er einsame. I samarbeid med Vestnes og Tresfjord Røde Kors sette vi i gang Juleglede 2020. Det vart sett ut handlekorgar ved matvarebutikk og ein kunne vippse inn støtte til aksjonen. Vi fekk gode innkjøpsavtalar og sponing frå butikkane, og sette saman matkasser og julegåver til nær 100 personar. Frivilligsentralen hadde samarbeid med Heimetenestene og NAV. Heimetenestene leverte ut julegåver til 26 personar. Fleire tok også direkte kontakt og fekk matkasse/julegåve.

5.5 Prosjekter

I 2020 har det vore arbeid med fleire større prosjekt, som mellom anna vil bidra til å styrke frivilligheita:

Livsgledehem og Stella Maris venner

I OU-prosjektet vart det lagt fram ei anbefaling i rapporten at Vestnes kommune skal jobbe med å få sjukeheimen Livsgledehem sertifisert gjennom organisasjonen Livsglede for eldre. Dette er et system og arbeidsmåte som skal gje eldre livsglede og gode kvardagar gjennom tilpassa aktivitet, og omsorg. Ordninga sikrar lovpålagte oppgåver og er anbefalt gjennom kvalitetsreforma for eldreomsorg: leve heile livet. Kommunestyret har vedtatt tiltaket. I juni fekk vi innvilga søknad om støtte frå fylkesmannen til å etablere ordninga. Stillinga som livsgledekoordinator vart utlyst februar

2021, arbeidet vil bli sett i gong i slutten av april. Som ein del av livsgledehem-arbeidet og for å etablere ein struktur for samarbeid mellom den organiserte frivilligheita og enkelt frivillige vert det arbeidd for å etablere Stella Maris venner. Frivilligsentralen har dialog med organisasjonane, pga. korona er arbeidet med etablering litt utsett. Ein vil starte arbeide før sommaren 2021 og bygge det opp gradvis. Fleire søknader er ute for støtte til aktivitetsutstyr som kan nyttast for aktivitet i regi av frivillige på Stella Maris. Det er etablert samarbeid med Røde Kors Tresfjord og Vestnes om taxi-syklar som kan nyttast for å ta bebuarar på Stella Maris ut på tur.

Crew Stella Maris

Kultureininga har arbeidd vidare etter OU-prosjektet for å forme tiltak for ungdom. Crew Stella Maris blir eit tilbod for ungdom som vil lære seg lyd og lys, scenearbeid. Det faglege ansvaret for opplæring har Kulturskulen. Det vil vere viktig i dette prosjektet å skape eit godt miljø for ungdommane, og bygge opp eit crew som kan bidra inn som frivillige på ulike arrangement på Stella Maris. Ein har fått støtte til dette prosjektet gjennom fylkesbiblioteket. Crew Stella Maris starta opp mars 2021.

SMUD (Stella Maris Ungdom)

I samarbeid med frivilligheita ynskjer Kultureininga å bygge opp eit godt og uformelt tilbod for ungdom i Vestnes kommune. Dette har mellom anna sitt utspring i at ungdommen sjølv etterlyser ein slik arena for dei som fell utanfor organiserte tilbod. Vi ser det som viktig å gi denne gruppa eit tilbod, då utanforskap og manglande fritidstilbod har mange kjente, negative konsekvensar. Prosjektet har vore diskutert i Ungdomsrådet, og dei er svært positive til dette. Prosjektet har også blitt diskutert på FrivilligForum. Det er søkt om støtte til prosjektet gjennom Bufdir, venta svar på søknaden i mai 2021. Det er søkt om midlar til ungdomsarbeidarstilling og aktivitetar. Tilbodet skal vere gratis for ungdom.

Aktivitetselementa i SMUD:

- Kvifor det? Foredrag, debattar og quiz, relevant for ungdom
- Open hall. Lågterskel tilbod for å prøve ulike idrettar, vere fysisk aktiv. Samarbeid med frivillige.
- Teknolabb. Ungdom møter ny teknologi, teknologi gi møte mellom generasjonar, makerspace og kodeklubb. Samarbeid med frivillige.
- Studio Stella Maris. Moglegheit til å spele musikk ilag med andre, og spele inn musikk. Samarbeid med frivillige.
- Utstyrssentralen. Oppgradering og vedlikehald av utstyr, drift av utlån.

Velkomstpakke og www.ivistnes.no

iVESTNES

I 2020 har Kultureininga, Frivilligsentralen, Kulturskulen og biblioteket, arbeidd vidare med prosjektet Velkomstpakke. Prosjektet har bakgrunn ei anbefaling i rapporten *God integrering – ei berekraftig samfunnsutvikling i Vestnes kommune*. Det er forskingsmiljøet KUN som har utarbeidd rapporten på oppdrag frå Kultureininga, Vestnes kommune. Velkomstpakken er delt i to: fysisk pakke/oppmerksomd, og informasjon på ny nettside www.ivistnes.no. Frå januar 2019 har alle nye innbyggjarar i Vestnes kommune fått eit velkomstbrev signert frå ordføraren. Når nytt bibliotek og kontor for frivilligsentralen er på plass kan nye innbyggjarar også hente seg ei lita velkomstpakke på Stella Maris.

Hausten 2019 vann Anunatak anbudsrunde om å lage ei ny nettside for det som skjer i Vestnes kommune. Nettsida fekk namnet iVestnes og vart lansert juni 2020. Kultureininga har jobba i tett samarbeid med leverandør. Nettsida inneheld informasjon om det ein kan delta på i Vestnes kommune, frivillighet, kulturliv, arbeidsplassar og bumoglegheite. Kultureininga har samarbeidd med Næringsforum om dette. Frivilligsentralen vil ha ansvar for å oppdatere informasjon om frivilligheita og kople innbyggjarar som tek kontakt med aktuelle organisasjonar/aktivitet. Frivilligsentralen har lagt

inn alle lag og organisasjonar. I 2021 vil det bli arbeidd vidare med å forankre iVestnes.no som hovudplattform for å informasjon om aktivitet og organisasjonar i kommunen.

Frivillig Forum Vestnes



Det første Frivillig Forum i Vestnes kommune vart arrangert 27.februar 2020. Fylkeskommunen orienterte om sitt arbeid med å utarbeide ny frivilligheitspolitikk, og frivilligsentralen orienterte om prosjekt knytt til Stella Maris. Spørsmål til diskusjon i forumet: Kva er viktig for frivilligheita i Vestnes kommune for å få til det ein ynskjer? Korleis kan kommunen bidra? Korleis kan frivilligheit og kommune samarbeide til det beste for innbyggjarane?

Dei 30 deltakarane kom med mange innspel til betre samarbeid mellom kommune og frivilligheit. Pga. koronautbrotet vart mykje av dette arbeidet utsett, Frivilligsentralen ser fram til at ein kan ta opp att dette arbeidet. Eit sentralt spørsmål er om Vestnes kommune bør etablere ein frivilligplan.

6. Bruk av Frivilligsentralen sine lokalar



På grunn av koronapandemien har det naturleg nok vore langt mindre bruk av lokala til frivilligsentralen i 2020, 73 utlån. Snitt på 1,3 utlån i veka, i 2019 var det på 3,5. Lag og organisasjonar får leige gratis til styremøte. I 2018 vart Frivilligsentralen sine lokale tatt i bruk til vigsel for dei ynskjer det.

7. Samarbeid med andre frivilligsentralar og Frivillig Møre og Romsdal

Vestnes Frivilligsentral har jamleg kontakt med dei andre sentralane i Romsdal og på Nordmøre, særleg gjennom nettverkssamlingar. Nettverket består av sentralane i Fræna, Kristiansund, Molde, Aure, Nesset, Aukra, Sunndal og Rauma. Norges Frivilligsentralar vart etablert i 2016, organisasjonen skal arbeide interessepolitisk for å sikre gode vilkår for sentralane. Vestnes Frivilligsentral er medlem.

Då staten gjorde om på ordninga knytt til Frivilligsentralane vart det slutt på regionskonferansar. Fleire fylker har derfor etablert eit fylkesnivå for sentralane. Juni 2018 vart det heldt stiftingsmøte for den nye organisasjonen, Frivillig Møre og Romsdal, på Vestnes. Dagleg leiar ved Vestnes Frivilligsentral vart valt som styreleiar. I mars 2020 vart fagsamling og årsmøte avlyst. Målet med Frivillig Møre og Romsdal er å sikre erfaringsutveksling og fagleg påfyll, samt å bli ein enda betre og relevant samarbeidspart for fylkeskommunen. Andre viktige arena Vestnes Frivilligsentral har vore representert på er fylkeskommunen sitt Frivillig Forum, og KS sin frivilligheitskonferanse.

8. Marknadsføring av Frivilligsentralen



Vi marknadsfører Frivilligsentralen og aktuelle saker på kommunen sine heimesider, Facebook-sida til Frivilligsentralen, på «Det skjer i Vestnes»-Facebook-sida, i lokalavisene og på eigne heimesider. Facebooksida har nær 980 følgjarar (100 meir enn i 2019). Pga. mindre aktivitet har det også

vore mindre mediedekning i 2020. Nytt i 2020 var at Vestnes frivilligsentral vart aktiv på Instagram. Saman med frivillige er dagleg leiar inne og oppdaterer/lagar vekesoversikt på «Det skjer i Vestnes»-Facebooksida også, den har 1597 følgjarar.

Frivilligsentralen si eiga nettside har god oversikt over tilboda ved sentralen: www.vestnes.frivilligsentral.no. Pga. koronautbrotet gjekk sentralen over til ny leverandør som også har eit system for organisering av frivillige, InVI. Aktivitet ved Frivilligsentralen vert også i kulturkalenderen i Vestnesavisa og i aktivitetskalenderen på vestnes.no.

9. Vestnes Frivilligsentral 2021

Vestnes Frivilligsentral bidreg positivt i lokalsamfunnet i Vestnes kommune, og arbeider for at sentralen skal vere aktuell for ei breidde av innbyggjarane i kommunen. Det er alltid behov for vidareutvikling og forbetring. 2020 har svekka mange av aktivitetane i frivilligheita, også på frivilligsentralen. Det vil krevje ein innsats å bygge alt opp att. Nokre aktivitetar vert som å starte heilt på nytt igjen. I 2021 ynskjer Frivilligsentralen å jobbe for å nå måla i ny strategi. Vi vil jobbe vidare med å finne eit styrka samarbeid med frivilligheita etter innspela som kom på FrivilligForum, og kartlegge behovet for å få på plass ein frivilligplan for Vestnes kommune. I 2021 vil det handle mykje om å lande, restarte og løfte alle prosjekta som er nye og under planlegging: vestnes.no, Stella Maris venner, Crew Stella Maris og SMUD- Stella Maris Ungdom. Frivilligsentralen vil framleis bidra inn i arbeidet med Livsgledehem, og samarbeide med Livsgledehem-koordinator og frivilligheita.



I midten av april 2021 vert det flytting av kontor til nye Stella Maris, det vert svært bra å ha eit kontor som er meir tilgjengeleg for innbyggjarane og det vert spennande med alle moglegheiter Stella Maris vil gje for nye aktivitetar og samarbeid.

Koronautbrotet har sett sitt preg på frivilligheita. Frivilligsentralen vil fortsette å vidareformidle støtteordningar til frivilligheita, og støtte organisasjonane i deira arbeid. Frivilligsentralen vil oppretthalde handlehjelp av mat og medisinar som ein del av

beredskapen til Vestnes kommune. Før utbrotet vart det arbeidd for å samkøyre kommunen sitt samarbeid og støtte mot frivilligheita, dette arbeidet vil ein ta vidare i 2021.

10. Frivillige og økonomi

Aktiviteten ved Vestnes Frivilligsentral er avhengig av frivillig innsats. Som årsmeldinga syner har mange frivillige deltatt i ulike aktivitetar, men i mindre grad enn tidlegare pga. koronapandemien. Det er positivt å sjå at mange ynskjer å bidra som frivillige når samfunnet treng det, som dei 49 frivillige som meldte seg til handlehjelp og alle dei som bidrog inn i aksjonen Juleglede.

I 2020 fekk Vestnes kommune 427.000 kr frå staten for å ha Frivilligsentral. Regjeringa har utsett endringa for overføring av støtte til sentralane til 2022, vilkåra for 2020 og 2021 vert derfor lik dei som var i 2019. I 2019 hadde frivilligsentralen vel 50.000 kr i inntekt på utleige av huset medan det i 2020 vart vel 19.000 kr. Nettobudsjettet for 2020 var på 905.000 kr, og utgiftene var på 881.000 kr. I 2020 fekk Frivilligsentralen 100.000 kr i støtte frå Nordenfjeldske Bykredits Stiftelse til Utstyrssentralen og Stella Maris venner, desse er sett på fond til bruk i 2021.